

Årsmelding

2014



Modalen kommune

# Innhald




|                          |         |
|--------------------------|---------|
| Rådmannen                | side 3  |
| Økonomi og rekneskap     | side 21 |
| IKT                      | side 28 |
| Kulturkontoret           | side 29 |
| Modalen folkebibliotek   | side 31 |
| Sosialtenesta            | side 32 |
| Pleie- og omsorgstenesta | side 33 |
| Helsecenteret            | side 36 |
| Mo skule                 | side 40 |
| Modalen barnehage        | side 44 |
| Teknisk etat             | side 46 |

## Rådmannen

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at vi har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organisering med samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2014.



I 2013/14 vart det gjennomført eit program med leiarkontinuitet for å styrke kompetansen og utvikle leiarkulturen i kommunen. Kommunen fekk tilskot frå Kommunesektorens organisasjon (KS) til opplæringa. Eksterne kurshaldarar vart nytta. Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde.

Rådmannen si vurdering byggjer på tilbakemelding og rapportering frå einingsleiarane. Teknisk sjef vart fast tilsett frå 01.07.2014. Under permisjonstida til kommunelegen i 2014 har assisterande rådmann også fungert som einingsleiar for helseseininga.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye eller vedteke reviderte resultat og utviklingsmål for 2014 eller 2015.

*Kommunal rapport* har i si avis gjeve ei evaluering av årsmeldinga til Modalen kommune for åra 2012 og 2013. Samla sett har vi fått ein karakter på gjennomsnittsnivå, med best resultat på enkelheit og økonomisk kontroll, men dårlig på målstyring.

Etter rådmannen si vurdering ville det vore positivt for vår tenestekvalitet og ressursbruk at det i større grad vart sett fokus på overordna målstyring for tenesteområda i ei drøfting mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering. Ved framlegging av nye budsjett / økonomiplan tek rådmannen sikte på at einingsleiarane skal presentere tre konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse kan då danne grunnlag for ei politisk drøfting i formannskap og kommunestyre.

Nedanfor har rådmannen gjeve ei tilbakemelding for 2014 i høve tidlegare fastsette mål.

## Økonomi

| Mål  | Oppfølging i organisasjon   |
|--|---|
| Halde budsjettramma                            | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på ansvar for økonomistyring og budsjettdisiplin på einingsleiarnivå er vidareført.</li> <li>• Krav til kvalitet på avviksrapportar annakvar månad til rådmannen er følgt opp.</li> <li>• Avvik i høve budsjett er rapportert til formannskap/kommunestyre ved tertialrapportering og ved drøfting av budsjett/økonomiplan.</li> <li>• Sak for vedtak om endring av rammer for drift og investeringar er utarbeidd og vedteke av kommunestyret.</li> <li>• Resultat:<br/>Som varsla ved rapportering 2. tertial endar vi opp med meirforbuk innan tenestene Pleie / omsorg og Kommunelege, men også for Kultur og Skule. Øvrige einingar er om lag i samsvar med eller under budsjett. Totalt mindreforbruk i høve budsjett: kr 2,53 millionar.</li> </ul> |
| Identifisere sårbare område i driftsbudsjettet | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Einingsleiarar har vurdert endra føresetnader i høve budsjett i sine rapportar til rådmannen kvar 2. månad.</li> <li>• Tiltak er sett i verk for korrekjon innan vedtekne rammer / meldt kommunestyre i tertialrapportar.</li> </ul>   |

|   |   |
|---|---|
| Økonomiplan drift må utviklast som eit aktivt styringsreiskap | <ul style="list-style-type: none"> <li>Rådmannen har lagt erfaringar og oppdaterte rammebetingelsar til grunn for sitt budsjettframlegg.</li> <li>Rådmannen har i budsjettprosessen peika på endra føresetnader for kommunen sine inntekter i økonomiplanperioden framover.</li> <li>Rådmannen har lagt fram oppdaterte prognosar og gjennomført kvalitetsteknologi av grunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk i planperioden.</li> <li>I budsjettprosessen vert handlingsrom for politiske vedtak både for drift og investeringar gjort synleg.</li> <li>Kommunen sin økonomi skal vere berekraftig over tid. Netto driftsresultat rekneskap: 2012 (9,4%) – 2013 (8,0%) – 2014 (7,7%) budsj (2,8%)</li> <li>I økonomiplanperioden 2015-18 er det vedteke eit uspesifisert krav til inndekning for saldering av driftsbudsjettet. Dette avviket må dekkast inn frå 2016 og framover.</li> </ul> |
|---|---|

### Tenesteutvikling medarbeidrar

| Mål  | Oppfølging i organisasjon   |
|--|---|
| God etisk standard                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Vedtekne etiske retningslinjer vert lagt til grunn.</li> <li>Tema på rådmannen sine leiarmøter</li> <li>Einingsleiarar har ansvar for oppfølging på sine personalmøter og ved kontrollrutinar i drifta.</li> </ul>   |
| Kompetente medarbeidrarar                            | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kompetansebehov vert meldt frå einingsleiarar.</li> <li>Årleg plan for kompetansetiltak er rullert i januar. Fokus er å halde vedlike / heve fagkompetansen innan fag og leiing.</li> <li>Interne og eksterne kurs / opplæring er gjennomført for einskildpersonar og grupper på einingsnivå.</li> <li>Ved innføring av nytt sak- og arkivsystem og andre elektroniske fagsystem er det i 2014 gjennomført mykje intern opplæring for saksbehandlarar og opplæring av «superbrukarar» i samarbeid med kommunane i regionen.</li> </ul> |
| Motiverte medarbeidrarar som arbeider mot felles mål | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunestyret sine resultat- og utviklingsmål er kommunisert i organisasjonen. Kvalitet og nivå på tenester vert drøfta i einingane, men mål er ikkje konkretisert.</li> <li>Vi har ikkje utarbeidd overordna felles beskriving av mål for teneste / service. Dette hadde rådmannen sett på handlingsplan for 2014, men er ikkje gjennomført.</li> <li>Det er gjennomført ulike trivselstiltak i einingane for å styrka motivasjon og fellesskap.</li> <li>Det har i 2014 vore innført prøveordning med trim i arbeidstida.</li> </ul> |

|                                       |  |
|---------------------------------------|--|
| Synleg leiar for heile organisasjonen | <ul style="list-style-type: none"> <li>Rådmannen har delteke på møter i einskilde einingar og på fellesarrangement.</li> <li>Det er faste leiarmøter med krav til deltaking.</li> <li>Rådmannen har regelmessig møte med hovudtillitsvalde.</li> <li>Årleg medarbeidarsamtale er gjennomført med leiarar.</li> </ul>   |
| Inkluderande arbeidsliv / IA-bedrift  | <ul style="list-style-type: none"> <li>IA-avtale vart revidert våren 2014, og nye mål fastsett i samarbeid med tillitsvalde.</li> <li>Avtalen har vore tema i leiarmøte, personalmøter og møter med tillitsvalde og verneombod.</li> <li>Behov for tilrettelegging vert kartlagt gjennom årlege vernerundar og tiltaksplan for HMS-arbeid i samarbeid med verneombod og bedriftshelsetenesta.</li> <li>Fokus på oppfølging av IA-avtale i personalarbeid på einingsnivå.</li> <li>Bedriftshelsetenesta er trekt inn i einskildsaker og i fellesprosjekt for kartlegging av behov, rådgjeving og gjennomføring av prosessar i høve arbeidsmiljøarbeid.</li> <li>Mål for reduksjon av sjukefråvær er ikkje nådd, men varierer mellom einingar. Korttidssjukefråværet er lågt på alle einingar. Langtidsfråvær dreg prosenten opp sidan det er små einingar. Samla fråvær i 2014 var på 8,8 prosent, ein liten auke frå året før då det var 8,5%.</li> </ul>  |
| Effektiv organisasjon                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>Administrativ organisering er tilpassa behovet.</li> <li>Gjennomført leiaropplæring for å utvikla kompetanse og felles organisasjonskultur til å ta eit delegert ansvar.</li> <li>Innført nye elektroniske fagsystem, fokus på å endra rutinar og «avvikla gamle arbeidsmetodar» for å ta ut gevinstar i organisasjonen gjennom betre effektivitet , sikrare løysingar og betre kvalitet på tenestene.<br/>Der vi har nådd betre effektivitet har dette frigjeve tid til å løysa andre oppgåver.</li> <li>Gjennomfører endringar i ansvar og oppgåver i dialog med tilsette når oppgåvebehov endrar seg.</li> <li>Teke i bruk rammeavtalar for innkjøp. E-handel innført november 2014. Tilbyr no betaling ved e-faktura og autogiro ved utsending av fakturaer. Gjennomført opplæring og klargjort system med opplysningar for innmelding via «A-ordninga» frå lønnssystemet til Altinn frå 1.1.2015.</li> <li>Innført e-meldingar i samhandling mellom sjukehus og kommunen si helse- og omsorgsteneste.</li> </ul> |

### Tenesteutvikling for innbyggjarar

| Mål  | Oppfølging i organisasjon  |
|--|--|
| Innbyggjarane skal verta sikra tenester med fokus på | <ul style="list-style-type: none"> <li>Fokus på at brukarane skal få løyst sine behov på eit lågast mogleg nivå i organisasjonen, og at dei vert møtt</li> </ul> |

|                      |   |
|----------------------|---|
| kvalitet og service. | <p>med ei servicevenleg innstilling.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skule og barnehage har gjennomført brukarundersøkingar med gode resultat.</li> <li>• Sett i verk organisatoriske tiltak for å effektivisera sakshandsaminga og betra servicen til innbyggjarane. Innført nytt sak- og arkivsystem og ny heimeside.</li> </ul> |
|----------------------|---|

**Lokalsamfunnsutvikling**

| Mål  | Oppfølging i organisasjon   |
|--|---|
| Det skal vera godt og trygt å bu i Modalen | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utfører kommunale tenester fastsett i budsjett og i samsvar med lov og forskrifter for dei ulike tenestene.</li> <li>• Har hatt ei tett oppfølging av Telenor sitt prosjekt for utfasing av fasttelefon. Gjennomført tiltak for å betra dekninga. Prosjektet avslutta i 2014.</li> <li>• Det er etablert redundans i fibernett og telefonsamband til/frå kommunen. Føreteke utbetringar når svakheitar er avdekkta.</li> <li>• Etablert automatisk start av nødstraumsaggregat til «noderom» ved straumbortfall.</li> <li>• Utarbeidd ROS-analyse for brannvernet.</li> <li>• Gjennomført ROS-vurderingar i ny kommune- / arealplan der det også er sett krav til nærmare ROS-analysar for ras- og flaumfare i nye reguleringsplanar.</li> <li>• Gjennomført intern evaluering av erfaringar ved flaumen i Modalselva hausten 2014, og endra rutine for Kriseleiinga.</li> <li>• Dialog med Statens vegvesen for gjennomført rassikring ved Slottet hausten 2014 og andre tiltak på Fylkesvegar i kommunen.</li> </ul> |
| Modalen skal ha eit godt omdøme            | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på at einingane brukar den kommunale heimesida til å leggje ut informasjon og nyhende.</li> <li>• Fokus på å følgje opp ulike førespurnader / saker innan fristar, og på ein servicevenleg måte. Vise at vi, som liten kommune med ein samansveisa organisasjon, kan snu oss rundt og avklare svar raskt.</li> <li>• Rådmannen og einingsleiarar deltek aktivt i ulike fora i regionen og profilerer kommunen.</li> <li>• Kommunen har inngått eit samarbeidsprosjekt med selskapet «Pleno» som fokuserer på innovative løysingar i samspel mellom ulike aktørar i eit lokalsamfunn.</li> </ul>  |
| Næringsvenleg kommune                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Modalen er med i Hordaland fylkeskommune sitt «Kom an-prosjekt» og Osterfjord Næringsamarbeid.</li> <li>• Vi føl opp lokale bedrifter og nyetablerarar med rettleiing og stønad frå næringsfondet.</li> <li>• Har aktiv dialog med lokale næringsverksemder for utleige av kommunale husvære ved rekruttering av nye</li> </ul>  |

|                              |  |
|------------------------------|--|
|                              | tilsette.  |
| Gode fritids og kulturtilbod | <ul style="list-style-type: none"> <li>Lokale lag og organisasjonar har gode driftsvilkår med hjelp, oppfølging og stønad innan vedteke budsjett.</li> </ul>               |
| Nye bustad og næringsareal   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Ny kommuneplan /arealplan er i ein sluttfase etter høyring hausten 2014.</li> <li>Mål å vedta ny plan andre halvår 2015.</li> </ul> |

### Politisk samarbeid

| Mål   | Oppfølging i organisasjon   |
|---|---|
| Halde fokus på saker som er politisk prioritert | <ul style="list-style-type: none"> <li>Politiske vedtak er følgt opp og rapportert til formannskap/kommunestyre.</li> <li>Rådmannen har ein løpende dialog med ordførar.</li> </ul> |
| Evaluering av mål og strategiar                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>Rapportering i årsmelding og innspel til budsjettarbeid.</li> </ul>  |



### STØRRE HENDINGAR I 2014

#### Nytt elektronisk sak- og arkivsystem

I samarbeid med kommunane i det regionale IKT-samarbeidet innførte vi eit fullelektronisk arkiv og saksbehandlingssystem frå 10. februar 2014. Systemet fyller alle arkivkrav. Omlegging og førebuing av prosjektet starta opp hausten 2013. For oss og dei andre kommunane har dette vore eit stort endrings- og organisasjonsutviklingsprosjekt som har vore utfordrande, men er møtt med ei positiv haldning frå våre tilsette.

Gjennom året er det gjennomført mange tiltak for opplæring og endring av rutinar i organisasjonen. Under førebuinga er «papirarkiva» gjennomgått, kontrollert og systematisert. Eldre arkivdokument er overført til Interkommunalt arkiv sine lagringslokale i Bergen. Det står framleis att noko arbeid med å fullt ut integrere dei ytre einingane, skule, barnehage, pleie og helse, til systemet. Dette arbeidet vil verta følgjt opp i 2015.

I 2009 laga revisjonen ein forvaltningsrapport om «Arkivtenesta og praktiseringa av forvaltningslova» i kommunen. Når rutinar er teke i bruk ved registrering av post, journalføring, arkivering og i saksbehandling, så vil dette lukke dei avvik som då vart påpeika av revisjonen.

For å sikra at kommunen har god kontroll på arkivtenesta for alle einingar har kundetorget fått eit større ansvar og ei meir sentral rolle for all dokumentflyt (post, faktura) internt og eksternt i kommunen. Erfaringar ved omlegginga syner at det er trond til å styrke denne tenesta med meir personalressurs for å sikre kontinuitet og kvalitet i oppfyljinga av krav til kommunen på dette sentrale området.



## **Fasttelefon og mobilsamband**

Modalen kommune har delteke i Telenor sitt pilotprosjekt, for utfasing av fasttelefon via koparleidningar til privatpersonar og bedrifter. Prosjektet, som hovudsakleg vart gjennomført i 2013, gav ikkje ei fullgod mobildekning i heile Modalen slik mange hadde forventa. Dette også etter at Telenor sette i drift ein ny sendar på Mo, som frå august 2014 gav 4G dekning i dette området, og etter oppgradert sendar på Romarheim med betre dekning ved Nottveit og innover fjorden. Det vart i 2014 inngått intensjonsavtale med Telenor for å etablera ein ny sendar i 2015 ved Krossdal.

Kommunen sine erfaringar i høve kompleksitet vedkomande ulike kommunikasjonsformål (alarmar) og kostnader med alternative løysingar vart meddelt Telenor under prosjektgjennomføringa. Mellom anna på grunn av desse erfaringane har Telenor i januar 2015 vedteke å utsetje vidare utfasing av det analoge fasttelefonsambandet i Norge.

## **Interkommunale samarbeid i Nordhordland**

Modalen kommune har aktivt delteke i ulike fellesprosjekt som kommunane i regionen samarbeider om.

Kommunen har uttalt seg positivt til etablering av «Nordhordlandspakka» med innføring av bompengar for å utbetre ulike vegar, og kommunen har vedteke stønad for utarbeiding av «Biosfæreprosjektet». Kommunen deltek i eit nytt IKS, som vart stifta i desember 2014, for å etablera eit nytt «Helsehus» i Knarvik.

## Kommunestruktur

Kommunen har i 2014 starta prosessen for å utgreia og vurdera ulike alternativ for Modalen ved endringar i framtidig kommunestruktur og oppgåver for kommunane. Saka har vore drøfta og orientert om i fleire møte i kommunestyret (10/4, 19/06, 24/09 og 27/10). I møte den 24/09 var Fylkesmann Lars Sponheim med og orienterte om bakgrunn for reforma og kommunane sitt ansvar for å vurdera ulike alternativ. I ekstraordinært møte den 27/10 var saka hovudtema for drøfting og gruppearbeid.

## Kommunehus – kommunalt servicebygg

Rådmannen har i samsvar med tinging frå formannskap og kommunestyre lagt fram tilstandsrapportar for eksisterande kommune- / samfunnshus, samt utarbeidd notat til underlag for politisk drøfting av saka. Under møte i desember vedtok kommunestyret oppstart av eit forprosjekt for vidare arbeid med «eit nytt servicebygg» retta mot offentlege og private kontorarbeidsplassar.

## Kalking av Modalselva

Fiskekultivering og kalking av Modalselva er tiltak som har vore på sakskartet i mange år. Både fagrådet og grunneigarlaget for Modalselva er engasjert i dette arbeidet. Fylkesmannen si miljøvernavdeling har sterkt bidrige til at det no er starta opp planarbeid for etablering av eit kalkingsanlegg i Modalselva. Grunneigarlaget og fagrådet vil også vera engasjert vidare i denne prosessen. Modalen kommune skal stå som byggherre og eigar av kalkingsanlegget, men investeringar og drift vil verta finansiert med statlege midlar. Fylkesmannen førestår planlegginga i samarbeid med kommunen. Kommunen fekk i desember overført seks millionar kroner til delfinansiering av denne investeringa.

## Beredskap / brannvern

Endra klima og vertilhøve har medført auka trøng til vurdering av tiltak i analysen av risiko og sårbarheten i kommuneplanen.

I 2014 har det ikkje vore hendingar som har vore ein stor trussel for samfunnstryggleiken, sjølv om mindre snø-/steinras og flaum har førekome. Fleire kommunar opplevde den 28. oktober store skader etter flaum i sine vassdrag grunna store nedbørsmengder. Flaumen i Modalselva var også historisk stor. Oppover dalen vart fleire deler av fylkesvegen sett under

vatn slik at den ikkje kunne trafikkerast. På det meste stod delar av vegen ved Eikhaugane meir enn 70 cm under vatn. Sju av borna og personalet i barnehagen vart innesperra og måtte overnatte der. Flaumen gjorde ikkje store skadar i Modalen, men gav oss erfaringar som vert tekne omsyn til i kommunen sitt arbeid med beredskap og kriseleiing.



## Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2014 var folketalet i Modalen 372 innbyggjarar, og auka til 378 ved utgangen av året. I løpet av året flytta 15 personar inn og ni flytta ut av kommunen. Av desse flytta sju inn frå utlandet og ein til utlandet. Netto innflytting var totalt seks. Tre vart fødde og tre døydde. Vi hadde eit netto fødselsunderskot på null.

Samla sett resulterte dette i ein auke på seks personar (+1,6 %). Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutviklinga er positive for komande år, men det har så langt vore vanskeleg å bryte 400-talet.

### I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :

| Per 1.1.      | 1994 | 2004 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Innbyggjartal | 343  | 366  | 351  | 344  | 370  | 370  | 383  | 372  | 378  |

## Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader

Sjølv om det er bygt rekordmange private bustader og det er gjeve tilskot til kjøp / rehabilitering av eldre bustader, så har ikkje folketalet auka særleg dei siste åra. I tiårsperioden frå 2004 til 2014 har folketalet vore nær stabilt, men med mindre årlege svingningar. Effekten av kommunal stønad til bygging og kjøp av private bustader har soleis ikkje medført noko særleg auke i folketalet, men det kan likevel ha motverka fråflytting og ein større nedgang. Kommunale tomter har eit rimeleg prisnivå i høve andre kommunar. Også dette skulle bidre i positiv lei.

Ved revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 vart øvre aldersgrense for husbyggjarar teke bort. I 2012 kjøpte kommunen sju regulerte tomter på Mo, som var i privat eige, og la desse ut for sal. Begge tiltaka har hatt positiv verknad for auke i bustadbygginga.

Om ein legg til grunn ein snittpris for ein ny bustad på kr 2,5 millionar og ein kjøpspris på kr 1 million for eldre bustader så er det i perioden frå 2010 til 2014 investert om lag 50 millionar kroner i bustadeigedomar i privat regi. Dette er svært høgt for Modalen og ein må også ta omsyn til dette ved vurdering av effekten av dei kommunale tilskota på dette området.

### Tal nye bustader teke i bruk:

|   | 2010   | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | Sum             |
|---|--------|------|------|------|------|-----------------|
| Oppføring av nye private bustader         | 1 (3*) | 0    | 3    | 7    | 3    | <b>14 (16*)</b> |
| Tilskot til kjøp rehabilitering av bustad | 4      | 2    | 3    | 2    | 1    | <b>12</b>       |

\*) Inkludert to nye einingar i kommunal utleigebustad på Mo, teke i bruk i 2010

### Utbetalt tilskot til bygging og kjøp av bustader:

|  | 2010 | 2011 | 2012 | 2013  | 2014 | Sum kr           |
|--|------|------|------|-------|------|------------------|
| Utbetalt tilskot til oppføring<br>av nye private bustader<br>( tal i 1.000 kr) | 250  | 0    | 750  | 1.500 | 750  | <b>3.250.000</b> |
| Utbetalt tilskot til kjøp /<br>rehabilitering av bustader<br>(tal i 1.000 kr)  | 345  | 251  | 300  | 150   | 80   | <b>1.126.000</b> |

Etter kvart som nye bustader er kome til så har trøngan til utleige av kommunale bustader minka. Dette har særleg vore merkbart i 2014. I løpet av året har kommunen i periodar halde

av kommunale bustader for rekruttering av tilsette til lokalt næringsliv, men utan resultat. Kommunen har i periodar i 2014 også nytta kommunale bustader til vikarar innan pleie- og helsetenesta. Det er no sett i verk prosess for sal av ein communal bustad på Øvre Helland.

### **Oppfølging av restansar for lån og husleige**

Modalen kommune har i 2014, etter begjäring av tvangssalg av ein bustadeigedom, fått tilbakebetalt misleghalde startlån og nær fått fullt innfridd andre krav ved oppgjeret.

Det har i året vore gjennomført ei tettare oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleidg på forretningsmessig vis.

### **Likestilling**

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakrar. Av 95 fast tilsette er 77 kvinner og 18 menn. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søker sine kvalifikasjonar veklagt meir enn kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste tre åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltsarbeidande størst mogeleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

### **Gjennomsnittleg stillingsstorleik for fast tilsette i kommunen dei siste 3 åra:**

| Prosent stilling | 2012 | 2013 | 2014 |
|------------------|------|------|------|
| Kvinner          | 75   | 80   | 78   |
| Menn             | 90   | 92   | 91   |

### **Kjønnsfordeling av fast tilsette**

|                                 | 2014 |     |         |    |
|---------------------------------|------|-----|---------|----|
|                                 | Menn | %   | Kvinner | %  |
| Rådmann/ assisterande rådmann   | 2    | 100 | 0       | 0  |
| Einingsleiarar                  | 1    | 17  | 5       | 83 |
| Andre tilsette                  | 15   | 17  | 72      | 83 |
| Alle tilsette i Modalen kommune | 18   | 19  | 77      | 81 |

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner.

### **Diskriminering og etikk**

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningsliner. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset.

## Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Det er starta ein prosess med revisjon av retningslinjene.

## Alderssamansetting fast tilsette

| Tal tilsette: | Under 30 år | 30 - 39 år | 40- 49 år | 50 - 59 år | Over 59 år |
|---------------|-------------|------------|-----------|------------|------------|
| Kvinner       | 6           | 16         | 26        | 21         | 8          |
| Menn          | 2           | 2          | 6         | 6          | 4          |

Tabellen syner at 41% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og 12 % er over 59 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rутinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trøng for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane lengst mogeleg, men også at me set inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss ny kompetanse for framtida. I dag har me ein lærepllass i kommunen. Me bør vurdere om me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar til dømes gjennom lærlingeordninga.

## HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med HMS-gruppen, som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei bidreg med rettleiing, kontollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet.

Det har vore to møter i AMU i 2014. Bedriftshelsetenesta deltok i begge desse.

### Sjukefråvær i %:

| År          | 1.kvartal | 2.kvartal | 3.kvartal | 4.kvartal | Samla  |
|-------------|-----------|-----------|-----------|-----------|--------|
| <b>2009</b> | 13.4 %    | 7.2 %     | 4.8 %     | 6.2 %     | 7.9 %  |
| <b>2010</b> | 6.1 %     | 5.1 %     | 5.1 %     | 6.3 %     | 5.7 %  |
| <b>2011</b> | 7.1 %     | 7.3 %     | 8.0 %     | 9.3 %     | 7.9 %  |
| <b>2012</b> | 12.1 %    | 11.8 %    | 10.5 %    | 9.9 %     | 11.1 % |
| <b>2013</b> | 10.7 %    | 10.1 %    | 7.0 %     | 7.8 %     | 8.8 %  |
| <b>2014</b> | 7.7 %     | 9.5 %     | 8.9 %     | 8.8 %     | 8.8 %  |

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalte lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemnd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV arbeidslivssenter er partar i avtalen. Lokalt er det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær, 2 - Personar med redusert funksjonsevne og 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværssarbeidet fram til utgangen av 2018 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra.

Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. I perioden 2012-2014 var snittet på 9,5 prosent. Det er vore kontinuerleg fokus på sjukefråværssarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som er årsaka til den høge fråværss prosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er framleis lågt.

Blant seniorane er det to tilsette som har teke ut heil eller delvis pensjon etter AFP-ordninga. I samsvar med seniorpolitiske retningslinjer er det tre tilsette over 62 år som får utbetalt eit lønnstilskot, og ein person er innvilga redusert arbeidstid. Tala syner at fleirtalet av seniorane vel å stå i arbeid fram mot pensjonsalder.

**Året 2014 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktige arbeid med organisasjonsutvikling i forbindelse med innføring av fleire ulike elektroniske fagsystem. Dette har løfta kompetansen i organisasjonen på mange område og vi er på høgd med våre naboar. Det gjer oss betre budd til å møta framtidige endringar og krav til utføring av våre tenester uavhengig av vala for korleis kommunestrukturen vert i framtida. Det er framleis ei rekke mål å strekkje seg mot. Eg vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2014. Rådmannen vil òg takke politikarar, tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.**



## MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

### Kommunestyret

Kommunestyret har følgjande medlemar i perioden (2011-2015):

| SAMLINGSLISTA   | SOLRENNINGSLISTA     |
|---|----------------------|
| Knut Moe, ordførar                                    | Gisle Heimly         |
| Kristin Nåmdal, varaordførar                          | Terje Nygard         |
| Trond Arild Henriksen                                 | Artur Farestveit     |
| Liv Anne Aanesen                                      | Tom Kristian Thorsen |
| Harald Farestveit                                     | Linda Neset          |
| Bjørn Helland   | Gunnhild Steinsland  |
| Marit Kristin Nygard Nese (fast medlem frå 1.10.2013) |                      |

| År        | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014  |
|-----------|------|------|------|------|-------|
| Tal møter | 7    | 8    | 7    | 6    | 6     |
| Tal saker | 58   | 58   | 71   | 40   | 47 1) |

- 1) Ved innføring av nytt sak og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.

Kommunestyret fekk i 2013 utlevert nettbrett. Innkallingar og protokollar er sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Det er delte erfaringar med bruk av nettbretta. Ei evaluering av om nettbrett eller PC skal brukast vil verte vurdert i regi av felles IKT-samarbeid. Innføring av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2014 mellom anna handsama følgjande saker:

| Dato  | Saknr    | Saka gjeld   |
|-------|----------|--|
| 10/4  | 004/2014 | Ny pensjonsordning for folkevalde frå 1.4.2014   |
| 19/6  | 010/2014 | Planstrategi for Modalen kommune 2013 -2017  |
| 19/6  | 011/2014 | Høyring Nordhordlandspakken – uttale frå Modalen kommune                               |
| 19/6  | 012/2014 | Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland |
| 19/6  | 015/2014 | Utgreiing om «midtskyss» i samband med endra oppmøtemønster ved Mo skule               |
| 24/9  | 020/2014 | Reglement for godtgjering til folkevalde - evaluering                                  |
| 27/10 | 023/2014 | Kommunereforma – drøfting av strategiar og mandat for vidare prosess                   |
| 6/11  | 029/2014 | Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)   |
| 6/11  | 030/2014 | Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune (Forvaltningsrevisjon)                 |
| 6/11  | 031/2014 | LVK – høyningsuttale om ny valordning  |
| 6/11  | 032/2014 | Klinikkskuktur for tannhelsetenesta i Hordaland - høyningsuttale                       |
| 11/12 | 038/2014 | Høyningsuttale Regional plan for Voss-Osterfjorden vassområde                          |
| 11/12 | 039/2014 | Avtale om overdraging av Mo kyrkje til Mo sokn   |
| 11/12 | 040/2014 | Biosfærprosjekt i Nordhordland – deltaking for Modalen kommune                         |
| 11/12 | 041/2014 | Høyningsuttale – Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta                       |
| 11/12 | 042/2014 | Samarbeidsavtale med Helse Bergen – tenesteavtale 3 og 5                               |
| 11/12 | 043/2014 | Smittevernplan for Modalen kommune - revisjon  |

|       |          |  |
|-------|----------|--|
| 11/12 | 045/2014 | Rehabilitering av kommunehuset eller bygging av eit nytt service- og næringsbygg på Mo |
|-------|----------|--|

Kommunestyret har i 2014 fått orientering om følgjande kommunale tenesteområde:

| Dato | Saknr    | Tenesteområde  |
|------|----------|--|
| 10/4 | 003/2014 | Modalen barnehage ved styrar Grete Urdal                         |
| 6/11 | 027/2014 | Mo skule, SFO og kulturskuletilbod ved rektor Jahn Olav Nordheim |

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2014 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

### Formannskapet

Formannskapet har følgjande medlemar i perioden (2011-2015):

| SAMLINGSLISTA                |  | SOLRENNINGSLISTA    |  |
|------------------------------|--|---------------------|--|
| Knut Moe, ordførar           |  | Gisle Heimly        |  |
| Kristin Nåmdal, varaordførar |  | Gunnhild Steinsland |  |
| Trond Arild Henriksen        |  |                     |  |

| År        | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014   |
|-----------|------|------|------|------|--------|
| Tal møter | 8    | 7    | 9    | 7    | 7 (2)  |
| Tal saker | 52   | 50   | 65   | 41   | 47 (1) |

- 1) Ved innføring av nytt sak- og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.
- 2) Formannskapet hadde møte over to dagar 13-14/10 med synfaring i Eidfjord og felles møte med formannskapet i Eidfjord andre dagen.

Formannskapet har i 2014 mellom anna også handsama følgjande saker:

| Dato  | Saknr      | Saka gjeld   |
|-------|------------|--|
| 21/1  | 04-06/2014 | Kulturvernmidlar - tildeling   |
| 21/1  | 007/2014   | Krav om flytting av veg og opphøy av avtalar   |
| 27/5  | 032/2014   | Høyring – Kommuneplan 2014 -2025, vedtak om utlegging  |
| 27/5  | 027/2014   | Søknad om tilskot til utarbeiding av driftsplan og nettside for Modalen elveeigarlag   |
| 1/9   | 038/2014   | Mandat til KS for medverknad i lokale og regionale prosessar i kommunereformarbeidet slik regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til. |
| 1/9   | 036/2014   | Orientering frå IMDI vedkomande oppmодing om Busetting av flyktningar  |
| 13/10 | 044/2014   | Prosjekt Båthamn / uteområde ved Bryggjeslottet  |

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2014 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett, men oppmading om busetting av flyktningar er ikkje avklart.



## NÆRINGSFONDSSTYRET

Medlemane i formannskapet er også næringsfondsstyret.

| År   | Tal møter          | Tal saker | Tilskot løyvd kr | Lån løyvd kr |
|------|--------------------|-----------|------------------|--------------|
| 2010 | 7*                 | 8 *)      | 728 700          | 0            |
| 2011 | 7                  | 11        | 861 850          | 375 000      |
| 2012 | 2                  | 7 *)      | 940 929          | 0            |
| 2012 | (Delegasjon rådm.) | 3         | 28 000           | 0            |
| 2013 | 4                  | 6 *)      | 947 000          | 250 000      |
| 2013 | (Delegasjon rådm)  | 3         | 138 500          | 22 000       |
| 2014 | 2                  | 9 (3) 1)  | 160 300 2)       | 23 400       |
| 2014 | (Delegasjon rådm)  | 7 3)      | 125 520          | 0            |

\*) Ei handsama sak var ei klagesak.

1) Dersom antal saker vert korrigert i høve tidlegare registrering så gjorde næringsfondsstyret vedtak om stønad i berre 3 saker

2) Kommunestyret vedtok i sak 040/2014 å yte årleg tilskot frå næringsfondet, stort kr 28.857, i tre år til Biosfæreprosjektet.

Dette er ikkje medrekna her.

3) Inkludert avslag på ein søknad

Talet på møter og saker er på eit lågt nivå. Dette skuldast hovudsakleg låg søkeraktivitet / få nye prosjekt, men òg bruk av delegeringsreglementet.

Løyvde summar i tabellen ovanfor syner den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar i dei aktuelle år. Denne summen kan verte mindre om prosjekt ikkje vert gjennomført som omsøkt.

Tilsegn om stønad er slik fordelt på ulike næringar:

|                            | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|----------------------------|------|------|------|------|------|
| Landbruk                   | 3    | 6    | 8    | 2    | 5    |
| Reiseliv/service/handel    | 2    | 2    | -    | 4    | 1    |
| Industri/produksjon/anlegg | -    | -    | -    | 1    | -    |
| Prosjekt/anna              | 2    | 3    | 2    | 1    | 3    |

I 2014 er det løyvd tilskot i ein sak med over kr 100 000,- og åtte saker med tilskot under kr 50 000,-.

I tillegg til dette er det gjeve tilskot direkte over driftsbudsjetten for landbruk til to tiltak:

Kjøp av mjølkekvote kr 37 000,- og Grøfting nydyrkning kr 31 500,-.

## Spesielle Miljøtiltak i Landbruket

Kommunen har motteke kr 30 000,- i «SMIL-midlar» (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket) frå Fylkesmannen. Desse vart i 2014 tildelt eit prosjekt for restaurering av eldre løe på Mo.

## Osterfjord Næringsamarbeid

Osterøy, Vaksdal og Modalen har eit samarbeid gjennom Osterfjord Næringsamarbeid, som får tildelt midlar til si verksemد frå Hordaland fylkeskommune.

I 2014 fekk LivOG Lyst–prosjektet «iModalen» tildelt kr 100 000,- i tilskot frå Osterfjord Næringsamarbeid.

## Kompensasjonsordning for arbeidsgjevaravgift

Hordaland fylkeskommune har administrert ei ordning med tildeling av kompensasjonsmidlar for endra arbeidsgjevaravgift. For åra 2007-2013 vart det sett av kr 1 510 000,- for bruk til tiltak i Modalen kommune. Kr 500 000,- er tidlegare utbetalt. Resterande kr 1 010 000,- vart i 2014 godkjendt disponert til oppgradering av området ved Bryggjeslottet. Prosjektet er vedteke i budsjettet og vil verte gjennomført i 2015. I 2015 er det også løyvd nye kr 200 000,- til Modalen kommune. Midlane er no godkjendt nytta som kommunal delfinansiering av ny basestasjon for mobilsambandet i Modalen. Heile ordninga vil verte avvikla i 2015.

Utvikling av status for Næringsfond:

| År   | Inngående saldo pr. 01.01. | Utgående saldo pr. 31.12. |
|------|----------------------------|---------------------------|
| 2010 | 6 620 506                  | 2 235 118                 |
| 2011 | 2 235 118                  | 8 577 992                 |
| 2012 | 8 577 992                  | 8 443 268                 |
| 2013 | 8 443 268                  | 9 846 208                 |
| 2014 | 9 846 208                  | 13 014 207                |

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som grunnkapital.

**Grunnkapitalen er inkludert i saldoar ovanfor.**

## BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2014

|   | Bruk    | Note      | Tilgang          |
|---|---------|-----------|------------------|
| <b>Saldo pr. 01.01.2014</b>             |         | <b>10</b> | <b>7 846 208</b> |
| Konsesjonsavgift mv                     |         |           | 5 515 245        |
| Konsesjonskraftsal til Modalen Kraftlag |         |           | 100 000          |
|   |         |           |                  |
| Renter og avdrag                        |         |           | 587 222          |
| Anna inntekt                            |         |           | 39 600           |
| Utlån til privat verksemd               | 23 400  |           |                  |
| Tilskot til bustader                    | 830 072 |           |                  |
| Tilskot til privat verksemd             | 527 752 |           |                  |
| Elevstipend                             | 385 440 |           |                  |

|   |         |  |                   |
|---|---------|--|-------------------|
| Utgift i drift (mellan anna IKT/breiband) | 313 887 |  |                   |
| Konsulent/advokathjelp i drift            | -       |  |                   |
| Fondsbruk vegar                           | -       |  |                   |
| Finansiering av investering               | 993 517 |  |                   |
| <b>Saldo pr. 31.12.2014</b>               |         |  | <b>11 014 207</b> |

\*Summen er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital.

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

I 2014 er det betalt ut kr 830 072,- til bygging av tre bustader og kjøp / vøling av ein bustad. Det er også gjeve tilsegn om tilskot til kjøp av ein bustad der kr 100 000,- kjem til utbetaling i 2015.

Løyvingar til næringsføremål vert utbetalt innan fastsett frist for gjennomføring og med ulike vilkår knytt til tildelinga. Utbetaling kan dermed skje heilt eller delvis i neste rekneskapsår. Av innvilga tilsegn i 2014 og til tiltak som har fått utvida frist er ca. kr 450 000,- ikkje utbetalt i 2014.

Kommunen si samla forplikting etter vedtak om stønad frå næringsfondet er vurdert til å utgjere om lag kr 550 000,- ved årsskiftet. Dei frie disponible fondsmidlane må såleis justerast for desse forpliktingane til kommunen.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv er avsett i næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket.

Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000,- til utbetring av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Av desse midlane er det i desember 2014 kome melding om at kr 424 242,- vert refundert frå Hordaland fylkeskommune i januar 2015. Resterande forskottering kan ikkje ventast refundert før etter 2018. Midlane vil verta tilbakeført til næringsfondet.



## FONDET TIL FISKE OG VILT 2014

Modalen kommune vedtok i 2013 vedtekter for forvaltning av midlar for fond til Fiske og vilt.

### Bruk og tilgang:

|   | Bruk    | Tilgang          |
|---|---------|------------------|
| <b>Saldo pr. 01.01.2014</b>                       |         | <b>1 356 826</b> |
| Tilført frå ulike konsesjonsvilkår                |         | 140 352          |
| Renter  |         | 39 956           |
| Tilskot til Modalen elveeigarlag, FOR-sak 27/2014 | 277 100 | 1)               |
| <b>Saldo pr. 31.12.2014</b>                       |         | <b>1 537 134</b> |

1) Tilskotet kjem til utbetaling i 2015

Det har i 2014 vore drøftingar med grunneigarar og BKK for iverksetjing av fiskekultiveringstiltak i Steinslandsvatnet / Stølsvatnet, men prosjektet er førebels ikkje konkretisert og klart for realisering.

## KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Det er i 2014 ikkje føreteke endringar i kommunen sitt eigarskap.

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande selskap:

| Selskap                        | Aksjekapital | Eigardel | Kommunal representasjon i styre  |
|--------------------------------|--------------|----------|--|
| Modalen Næringsbygg AS         | 6 342 000    | 92,7%    | Torhild Eidsheim, leiar<br>Tone Selmer Skuggevik, nestleiar<br>Terje Nygard, styremedlem |
| Modalen Eksingedalen Billag AS | 2 392 500    | 19,4%    | Ordførar Knut Moe, styreleiar  |
| Kommunekraft AS                | 320 000      | 0,3%     | Ingen  |
| Modalen Kraftlag BA            |              | 1 andel  | Ingen  |
| Fjord Norge AS                 |              | 1 andel  | Ingen  |

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande interkommunale selskap:

| Selskap  | Kommunal representasjon i styre / råd  |
|--|--|
| Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) | Harald Farestveit, styremedlem<br>Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap<br>Terje Nygard, medl. representantskap |
| Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)                           | Ordførar Knut Moe, medl. representantskap  |
| Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)                             | Etablert desember 2014<br>Ordførar Knut Moe, medl. representantskap  |
| Nordhordland Revisjon IKS  | Ordførar Knut Moe, medl. representantskap  |
| Interkommunalt arkiv IKS   | Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap   |

Modalen kommune har også andelar i følgjande selskap/foretak:

NIT kommunedata (1), AL Biblioteksentralen (1), Nordhordland Veteranbåtlag (25) slik det går fram av note til rekneskapet for 2014.

## Økonomi og rekneskap

### SAMANDRAG

**Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det har vore vanleg å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera på om lag 3 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpende drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar.**

**Rekneskapsåret 2014 i Modalen kommune er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 6,7 millionar. Det utgjer 7,7 % av samla driftsinntekt. Kr 0,8 millionar av driftsinntekta er knytt til premieavvik for pensjon.**

**Rekneskapsmessig overskot for 2014 er kr 1,6 millionar. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og avsetjingar, disponering av resultatet frå 2013, samt overføring til investeringsrekneskapen.**

**Netto driftsresultat i 2014 er kr 290 000,- lågare enn i 2013. Dersom me korrigerer resultatet for postane knytt til mva-kompensasjon frå investeringsutgift og inntektsført premieavvik, er resultatet i 2014 kr 660 000,- lågare enn korrigert netto driftsresultat 2013.**

Lønsutgifa er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 50,9 millionar inkludert sosiale kostnader (49,9 millionar 2013) av samla driftsutgifter på kr 86,2 millionar, utgjer 59,0 % (58,8 % 2013). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar, men dette må òg sjåast i samanheng med at vi kjøper ein del tenester frå andre kommunar, samt utviklinga over tid. Dei seinare åra har kjøp av vikartenester auka mykje og bidratt til utgiftsauke, sjølv om lønsauken har vore moderat.

Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på kr 6,7 millionar. Dei to største investeringsprosjekta i 2014 har vore oppgradering av Modalstunet og rehabilitering av ein kommunal bustad etter vasskade.

### Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse kostra-tala til kommunane for 2014. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala vert Modalen rangert som nummer to i landet mot fjerde plass i fjor. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekke økonomiske nøkkeltal. Modalen kommune har hatt god framgang og klart å halde eit høgt nivå dei seinare åra. Nøkkeltala og vurderingane synleggjer ikkje berre kor stor inntekt kommunen har, men òg korleis inntekta vert forvalta.


|                                      | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|--------------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Plass på økonomibarometeret (av 390) | 46   | 51   | 9    | 3    | 4    | 2    |
| Plass i fylket (av 33)               | 3    | 5    | 1    | 1    | 2    | 1    |
| Plass i kommunegruppa (av 10)        | 6    | 6    | 1    | 1    | 2    | 2    |

## VURDERING

### Resultat i drifta

2014 har gjeve eit positivt driftsresultat for kommunen. Netto driftsresultatet er godt over dobbelt så høgt som tilrådd nivå for å ha ein sunn økonomi.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2009-2014 (Tal i 1000)




Netto driftsresultat er løpende driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det ein skilde år.

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpende, ordinære drifta. Resultatet justert for premieavviket kallast for **korrigert netto driftsresultat** og utgjer kr 5,9 millionar i 2014 mot kr 6,6 millionar i 2013 og kr 5,5 millionar i 2012. Kr 5,9 millionar utgjer 6,7 % av driftsinntektene. Tilsvarende resultatprosent var 7,6 % i 2013 og 6,4 % 2012. Dette er godt over tilrådd nivå, og har vore høgt dei seinare åra sjølv om det er ein nedgang frå 2013 til 2014, og indikerer såleis god kontroll på driftsøkonomien.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar. Korrigeringa skjer ved at ein justerer for premieavvik og mva-kompensasjon frå investeringsutgift. Ein kjem då fram til korrigert netto driftsresultat som er meir reelt i høve til å vurdere det løpende driftsnivået. Under følgjer ein tabell som tek omsyn til desse posteringane, samt i tillegg justerer for følgjande særskilte

tilhøve: 2009: kr 2,5 millionar til forskottering av vegar. 2011: kr 2,5 millionar i etterbetaling av konsesjonsavgift for 2005-2010.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2009-2014 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Netto driftsresultat på kr 6,7 millionar er kr 160 000,- over gjennomsnittsresultatet for dei siste seks åra. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra, har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå.

### **Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 1 595 909,-.**

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet.

### **Driftsinntekt**

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.


Diagrammet under syner at nesten halvparten av samla driftsinntekt (49,3 %) kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarande prosent i 2013 var 49,5%) Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Prosentandelen er 27,3% for desse postane i 2014, noko høgare enn i 2013 då prosentandelen var 25,8%.

Det er såleis tydeleg at det er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der

naturressursskatt, konsesjonsavgift og eideomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden. Rammetilskot frå staten har i same periode svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og 17,5 % i 2014 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskot i rammetilskotet).

Samla driftsinntekt har berre auka med 0,8 % i høve til 2013. Det har såleis vore naudsynt å klare å halde låg utgiftsvekst for å kunne få eit godt resultat i 2014. Det har kommunen i stor grad klart. Auken i driftsutgift har vore på moderate 1,36 %.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2014



### Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 85,0 millionar til kr 86,1 millionar frå 2013 til 2014. Auken utgjer 1,35 %, ein mykje lågare utgiftsvekst enn året før (3,3 %), men høgare enn veksten i inntekt (sjå lengre oppe). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivningsutgift vert nulla ved eigen motposting i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat.

|                                      | 2009   | 2010   | 2011   | 2012   | 2013   | 2014   |
|--------------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| <b>Sum driftsutgift (tal i 1000)</b> | 68 120 | 73 713 | 77 625 | 82 219 | 84 997 | 86 147 |
| <b>Prosentvis endring</b>            | 7,84 % | 8,21 % | 5,31 % | 5,92 % | 3,37 % | 1,35 % |

Auken i samla driftsutgift er lågare enn dei seinare åra, samt lågare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie. Konsumprisindeksen auka med 2% frå 2013 til 2014. Den kommunale prisindikatoren/deflatoren var 3% i 2014.

Låg utgiftsvekst skuldast mellom anna reduserte tilskot i høve til 2013 når det gjeld næringsverksemde og bustader, samt tilskot til kyrkja. I barnehagen har ein lågare utgift særleg på lønsområdet. Innan sosialtenesta har ein redusert utgift både til tiltak og tilskot. Teknisk etat har reduserte utgifter i høve 2013 på løn, samt låg vekst på andre postar. Vedlikehaldspostane er på om lag same nominelle nivå som 2013.

### **Løn inkl vikarbyrå og refusjon sjukeløn**

Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har auka med om lag 1,2 %. Tek ein med refusjonsinntekt, og ikkje minst utgift til vikarbyrå i oppsettet, får me eit heilt anna bilet. Samla nettoutgift til postane løn med sosiale kostnader inkludert vikarbyråutgift og sjukepenge- og fødselspengerefusjon har auka med heile 7,32 % i høve til 2013. Det er i hovudsak innan pleie- og omsorgstenesta samt legetenesta det er bruk av vikarbyrå.

KS opplyser i samband med tariffoppgjeret for 2014 at berekna årslønsvekst frå 2013 til 2014 for kommunane er 3,31 %.

| (Rekneskapstal i tusen) | 2009          | 2010          | 2011          | 2012          | 2013          | 2014          |
|-------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Lønsutgift              | 33 016        | 34 987        | 37 431        | 39 206        | 39 708        | 40 198        |
| Sosial utgift           | 8 043         | 8 514         | 9 040         | 9 485         | 10 248        | 10 736        |
| Vikarbyrå               | 40            | 0             | 0             | 0             | 1 000         | 3 399         |
| Ref sjukeløn            | -1 364        | -847          | -1 468        | -1 893        | -2 010        | -1 923        |
| Ref fødselspengar       | -836          | -390          | -349          | -202          | -334          | -242          |
| <b>Netto løn</b>        | <b>38 899</b> | <b>42 264</b> | <b>44 654</b> | <b>46 596</b> | <b>48 612</b> | <b>52 168</b> |
|                         |               | 8,65 %        | 5,65 %        | 4,35 %        | 4,33 %        | 7,32 %        |

### **Budsjetting og avvik**

|                     | Regnskap          | Budsjett          | Buds(end)         | Regnskap          | Avvik             | Avvik i %      |
|---------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|
|                     | 2013              | 2014              | 2014              | 2014              |                   |                |
| Rådm./sentraladm    | 13 095 824        | 13 841 744        | 14 203 156        | 12 807 242        | -1 395 914        | -9,83 %        |
| Kultur              | 3 083 756         | 3 016 620         | 3 016 620         | 3 128 133         | 111 513           | 3,70 %         |
| Sosial og barnevern | 665 662           | 894 500           | 644 500           | 337 301           | -307 199          | -47,70 %       |
| Skule               | 8 853 748         | 9 537 559         | 9 537 559         | 9 643 449         | 105 890           | 1,10 %         |
| Barnehage           | 4 526 700         | 5 393 329         | 5 243 329         | 4 367 343         | -875 986          | -16,70 %       |
| Pleie og omsorg     | 10 939 823        | 12 458 584        | 13 058 584        | 13 884 995        | 826 411           | 6,30 %         |
| Kommunelege         | 3 886 003         | 4 670 800         | 4 670 800         | 5 094 945         | 424 145           | 9,10 %         |
| Teknisk             | 11 467 302        | 12 493 193        | 11 931 781        | 11 061 252        | -870 529          | -7,30 %        |
| <b>Totalt</b>       | <b>56 518 818</b> | <b>62 306 329</b> | <b>62 306 329</b> | <b>60 324 660</b> | <b>-1 981 669</b> | <b>-3,20 %</b> |

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til budsjettområda: Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

Fire av budsjettområda har mindreforbruk i høve til justert budsjettløyving, og fire av budsjettområda har meirforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på kr 1,98 millionar.


### **Investering**

Det har vore moderat investeringsaktivitet i 2014 med eit samla finansieringsbehov på kr 6,5 millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med eigne midlar (fond), overføring frå drift, mva-kompensasjon og noko anna inntekt. Formidlingslån er finansiert med midlar frå ekstraordinært innfridde lån.

### **Likviditet/arbeidskapital**

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelta gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2009-2014 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen var negativ frå 2009 til 2010. Dei seinare åra har hatt ein positiv utvikling kvart år. Gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet har betra arbeidskapitalen år for år.

## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2009 – 2014 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein auke i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2013. Samla fondsmidlar er auka frå kr 17,1 millionar til kr 27,3 millionar. Dette er totale fondsmidlar. Her inngår mellom anna kr 6 millionar i øyremerka midlar til kalkingsanlegg for Modalsvassdraget. Av dei totale fondsmidlane er kr 14,9 millionar ubundne midlar, av desse utgjer den frie delen av næringsfondet kr 11 millionar. Handlefridomen og høvet til å eigenfinansiera investeringane i framtida er styrka gjennom rekneskapsåret. Ein viser igjen til det som er sagt om at det er viktig å styre driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunna oppretthalde handlefridomen og ha buffer mot därlegare tider og uføresette endringar og hendingar.

### Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt stor pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og relativt høge årlege avdrag har redusert lånegjelta monaleg, både i høve til innbyggartal og i høve til driftsinntekt. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye lån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2009 – 2014

| LÅNEGJELD              | 2009   | 2010   | 2011   | 2012   | 2013   | 2014   |
|------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Lånegjeld (tal i 1000) | 34 378 | 31 878 | 29 378 | 26 877 | 24 377 | 21 877 |
| Lånegj i % av dr.innt  | 48,3 % | 42,3 % | 37,0 % | 31,5 % | 28,0 % | 24,9 % |
| Lånegjeld i kr pr innb | 99 936 | 86 157 | 79 400 | 70 175 | 65 530 | 57 876 |
| Innbyggjartal          | 344    | 370    | 370    | 383    | 372    | 378    |

## IKT

Kommunen har økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IT og økonomi, men det er også lagt andre oppgåver til stillinga. Driftsoppgåver knytt til IKT blir stetta av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH). Rådgjevaren fungerar som IKT-kontakt, og er bindeleddet mellom kommunen og IKTNH. Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltagande kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore stor aktivitet i det regionale IKT-samarbeidet:

Fullelektronisk arkiv og nytt sakshandsamarsystem vart tatt i bruk i februar 2014.

Ny heimeside til kommunen vart lansert på ny portalløysing. Dei andre kommunane i samarbeidet nyttar den same løysinga.

E-handelsprosjekt Hordaland vart starta opp i mars, under leiing av Bergen kommune i samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). 15 offentlege verksemder, mellom anna alle kommunane i Nordhordland, tek del i prosjektet. E-handel er bruk av elektroniske verktøy i planlegging, gjennomføring og oppfølging av kjøp av varer og tenester. Dette er eit hjelpemiddel for å oppnå økonomisk gevinst, meir effektive innkjøp, større lojalitet til rammeavtalar og innkjøp som er meir gjennomsiktige og enklare å etterprøva. Det er eit mål at alle tilsette i kommunen med innkjøpsansvar skal kunne handle elektronisk på e-handelsplattforma.

Elektronisk handelsformat for fakturaer, EHF, vart teke i bruk. Kommunen kan sende og motta fakturaer, kreditnotaer og purringar elektronisk.

### Økonomi

Det har vore eit mindreforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

## Kulturkontoret

Kultursjefen er tilsett i 100 % stilling og har ansvar for kultur, bibliotek og Bryggjeslottet. Under kultursjefen ligg ansvar for driftsleiar i Bryggjeslottet i 100% stilling og ungdomsarbeidar i 20% stilling. I juli og august var det tilsett ein person som arbeider med turistinformasjon og utlån i biblioteket.

|        | Regnskap<br>2013 | Buds(jett)<br>2014 | Buds(end)<br>2014 | Regnskap<br>2014 | Avvik   | Avvik i % |
|--------|------------------|--------------------|-------------------|------------------|---------|-----------|
| Kultur | 3 083 756        | 3 016 620          | 3 016 620         | 3 128 133        | 111 513 | 3,70 %    |

Kulturkontoret står til teneste med:

- Turistinformasjon
- Kulturminnevern
- Tildeling av kulturmidlar
- Samordning av aktivitetar
- Kulturarrangement
- Tilrettelegging av friluftsliv
- Den kulturelle skulesekken
- Søknad om tilskot



Modalen kommune skal vera prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satsa på aktivitetar som tek vare på bygda sin eigenart og kvalitet. Kulturminnevern er eit viktig satsingsområde. Det vert gjeve tilskot til restaurering av stølshus og andre bygningar av lokalhistorisk verdi. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for å skapa trivsel i bygda. Desse får stønad gjennom utdeling av kulturmidlar.

Faste arrangement:

- Modalsdagane siste helga i juni
- Matmarknaden i Bryggjeslottet første laurdag i desember
- Borna sin dag i februar i Bryggjeslottet

Det vert arrangert konsertar, teater for born og vaksne, islandske dagar og utstillingar. Konsertane med kjende artistar trekkjer mykje folk til Bryggjeslottet, og er med på å marknadsføra kommunen på ein god måte.



Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontoret, biblioteket, Mo skule og Eksingedalen skule. Målet er å gje elevane kulturtilbod av høg kvalitet og ulike uttrykk.

I 2014 har det vore konserter, forfattarbesøk, utstillingar og kurs. Elevane får og reisa til Bergen for å gå i teateret og ta del i andre kulturtilbod som byen har. Barnehagen får og tilbod om teater og musikkarrangement.

Arbeidet med merking av turstiar er vidareført frå 2013. Mange turstiar er ferdigmerka, og det er sett opp informasjonsskilt der stiane byrjar. Modalen kommune samarbeidar med Bergen reiselivslag om «Vandrerprosjekt Modalen». Informasjon og biletar frå turane og stiane i Modalen ligg på heimesida til Bergen reiselivslag; <http://www.visitbergen.com/modalen/>. Det er gjort eit omfattande restaureringsarbeid på skolemuseet på Sunnarhaugen. Arbeidet er snart ferdig og vert avslutta i 2015.

I Bryggjeslottet er det stor og aukande aktivitet. Her er det mellom anna bygdekino, konserter, teater, fødselsdagsfeiringar og ulike idrettsarrangement. Huset vert meir og meir brukt. Her møtast folk i alle aldrar, både innbyggjarane i Modalen og folk frå nabobygdene. I 2015 skal Bryggjeslottet målast utvendig.



## Modalen folkebibliotek

Modalen folkebibliotek samarbeider med kommunane Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim, Radøy, Fedje og Osterøy om felles katalog, kurs, prosjekt og arrangement. Biblioteka i denne regionen har fått namnet «Litteraturhusa i Nordhordland». Mo skule og barnehagen er faste brukarar av biblioteket. Eksingedalen skule har lånedagar vår og haust i samband med bading i Bryggjeslottet. Biblioteket samarbeider med kulturkontoret og Mo skule om forfattarvitjingar, konsertar, barneteater og utstillingar. Bryggjeslottet er ein populær møtestad, med mange tilbod å velja mellom. Sjølv om utlånet har gått ned er biblioteket godt besøkt.

| Utlån               | 2014 | 2013 |
|---------------------|------|------|
| Bøker for born      | 1513 | 1795 |
| Bøker for vaksne    | 1375 | 1475 |
| Lydbøker for born   | 93   | 72   |
| Lydbøker for vaksne | 155  | 195  |
| Musikk for born     | 25   | 35   |
| Musikk for vaksne   | 55   | 155  |
| Film for born       | 268  | 255  |
| Film for vaksne     | 115  | 204  |
| Anna                | 125  | 166  |
| Samla utlån         | 3724 | 4352 |

Biblioteket er ope tysdag 9.00-16.00, onsdag 9.00-15.00, torsdag 13.00-19.00 og ein laurdag for månaden 12.00-15.00.



## Sosialtenesta

### TENESTER OG OPPGÅVER

**Barnevernstenesta:** Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale går til 31.12.2017.

**NAV** Modalen ivaretok det statlege ansvaret for arbeids- og velderdssetaten, og det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV kontoret i samarbeid med psykisk helseteneste føl også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden. Det er 60% stillingsressurs ved kontoret.

### MÅL

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert eigne lokale mål for tenesta.

Måloppnåing: Det er ikkje rapportert avvik på ivaretaking av kravet til tenestene.

På NAV sine målekort scorer kontoret tilfredsstillande.

### ØKONOMI

Samla sett hadde sosialtenesta ein aktivitet vesentleg under tildelt budsjetttramme. Årsaka til dette er mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp og færre i oppfølging enn budsjettert.

|                     | Regnskap<br>2013 | Budsjett<br>2014 | Buds(end)<br>2014 | Regnskap<br>2014 | Avvik    | Avvik i % |
|---------------------|------------------|------------------|-------------------|------------------|----------|-----------|
| Sosial og barnevern | 665 662          | 894 500          | 644 500           | 337 301          | -307 199 | -47,70 %  |

### AKTIVITET

Barnevern: Vaksdal kommune rapporterer om jamn aktivitet i 2014, men her er færre i oppfølgingstiltak enn føregåande år.

**Skjenkesaker:** Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Det har vore gjennomført fleire kontrollar av sals- og skjenkestadene. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretok dette arbeidet. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene. Nytt i 2014 er at det gamle ungdomshuset i kommunen er teke i bruk att til ulike sosiale tilstellingar. Her har ein lokal organisasjon, Modøl, nytta huset til å bryggje øl. Dei har fått einskildløyve til skjenking ved tre høve i 2014 i samband med Quiz-arrangement.

Dei fleste som søker økonomisk sosialhjelp er menneske som over tid har slite med økonomien, og fleire av desse treng råd og hjelp for å kome ut av ein vanskeleg situasjon. Sakshandsamar ved kontoret har utdanning i gjeldsrådgjeving, og kontoret tilbyr profesjonell hjelp til dei som slit med gjeld. Fleire av brukarane ved kontoret er menneske som kjem attende med tilbakevendande behov for hjelp, men det er få brukarar som treng hjelp frå sosialtenesta over lengre tidsrom.

## Pleie- og omsorgstenesta



### TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste for institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod. Tildeling av omsorgsbolig, teneste for matombringning og tryggleiksalarm vert gjeve etter søknad.

|                 | Regnskap<br>2013 | Budsjett<br>2014 | Buds(end)<br>2014 | Regnskap<br>2014 | Avvik   | Avvik i % |
|-----------------|------------------|------------------|-------------------|------------------|---------|-----------|
| Pleie og omsorg | 10 939 823       | 12 458 584       | 13 058 584        | 13 884 995       | 826 411 | 6,3 %     |

Det har vore 14 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2014. Dette er ein meir enn i 2013. Det har vore 17 utskrivningar, av desse fem dødsfall.

Vaksdal har brukt sine fire faste plassar, men ein plass stod ledig ein periode hausten 2014. Lindås kommune har ikkje leigt plassar i år. Det var budsjettert med kroner 400 000,- i høgare inntekt i 2014. God kvalitet på tenestene er avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg vil ha store konsekvensar for drifta. I snitt har det vore 12 plassar i bruk gjennom året, inkludert Vaksdal sine fire plassar. Modalen kommune har disponert åtte plassar til eigne innbyggjarar.

Arbeid med å oppgradera to bebuarrom starta i 2013, og vart ferdigstilt i februar. Arbeid med å oppgradera to andre bebuarrom vart påbegynt i februar. Desse romma vart ferdigstilte i juni.

Dagtilbod til heimebuande med demens og eldre i kommunen vart starta i 2013. Dette har vorte vidareført med ni plassar annakvar onsdag. Tilboden er eit folkehelsearbeid som er helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde er med på å gje god livskvalitet og bidra til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til dagtilboden.

Me har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men gjev ei stabil og god drift. Det høge sjukefråværet har gjeve auka refusjonar, men med store utgifter til kjøp av tenester frå vikarbyrå i høve sjukefråvær og krevjande brukarar har det vorte eit meirforbruk.

### **Heimehjelp**

Fem brukarar fekk praktisk bistand i 2014. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag seks timer pr. veke.

### **Heimesjukepleie**

Sju brukarar har i snitt motteke ca 71 timer heimesjukepleie pr. veke.

### **Tryggleiksalarmar**

Fem personar har nytta tryggleiksalarm.

### **Matombringing**

Det vert levert varm middag til tre brukarar i heimen nokre dagar i veka.

## **OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA**

- Gode, brukartilpassa tenester.
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trond.
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
- Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.
- Pårørande skal føla seg velkomne og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

### **Personell**

2014 har vore eit år med høgt sjukefråvær. Det har vore utført ulike tilretteleggingstiltak for å få tilsette tilbake i arbeid. Gjennom heile året har ein kjøpt vikarar frå vikarbyrå for å kunna drifta eininga.

Etter at Samhandlingsreforma vart innført, har me hatt ein auke i teneste til heimebuande. For å møta krav i høve Samhandlingsreforma i eigen kommune har vi hatt fokus på å behalda og rekruttera kompetent arbeidskraft. Ein tilsett har starta utdanning til helsefagarbeidar i tillegg til at me har ein tilsett som tek praksis i høve utdanning som helsefagarbeidar, og ein fagarbeidar har starta utdanning innan kreftomsorg.

Me arbeider også målretta med interkommunalt samarbeid. Øyeblikkeleg hjelpplassar vart oppretta ved Nordhordland Legevakt 01.09.2013.

## Kjøkken og vaskeri

Desse to avdelingane har som mål å yta best mogleg service til brukarane. Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Ernæringsprosjektet som starta i 2013, er vidareført i 2014. Prosjektet vil bli evaluert og erfaringa vil bli nytta til å gje rett ernæring til dei eldre.

Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar, og vaskeritenester til heimebuande og dei andre etatane i kommunen.

## AKTIVITET

- Måndagar: baking, som gjev oppleving av lukt og smak.
- Tysdagar/ onsdagar: trim i gruppe.
- Torsdagar: songstund med personalet/ underhaldning utanfrå.
- Fredagar: bingo, og besøk av barnehagen ein gong i månaden.
- Kvar ettermiddag er det felles kaffistund i fellesarealet.
- April/mai: basar for bebuarar, pårørande og innbyggjarar i kommunen.
- Juni: sommarfest og jordbærfest.
- August: rekefest
- September: kveding og grillfest i Øyjordsløa
- Oktober: markering av «den internasjonale eldredagen» 1. oktober.
- November: julebord.
- Desember: besøk av barnehagen på Luciadagen, og bakedag med 9. klasse frå Mo skule.
- 16 bilturar med bebuarane gjennom året.
- Ein gang pr. månad: frisør og fotpleie
- Songstund/andakt: onsdag/torsdag ettermiddag anna kvar månad
- Underhaldning utanfrå fire gonger i året.
- Pensjonistlaget har vore på besøk to ettermiddagar med underhaldning/trekkspel og kaffistund.

Sansehagen vert nytta til gode opplevingar for brukarane, ved å la dei ta del i kjente syslar som såing, hausting av grønsaker og bær, samt stell av blomar. Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalens», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder.

I 2015 vil me satsa på å kunna vidareføra dagtilbodet for heimebuande eldre, rekruttera fleire til tilbodet og ha samling annakvar veke.

Plan for aktivitetar i 2015:

- Få til samarbeid med skulen om bakedagar i løpet av året.
- Underhaldning på ettermiddagane minst ein torsdag i månaden.
- Bilturar med bebuarane.
- Nytta sansehagen til grill-/jordbærfest.
- Oppgradering av to bebuarrom.
- Oppgradering av fellesareal og uteområdet mot elva.



## Helsecenteret

### TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsecenteret. Under Modalen helsecenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

### ØKONOMI

Helsetenesta har eit overforbruk i høve budsjett. Hovudårsaka til dette er meireutgifter i samband med permisjon til kommuneoverlege og bruk av vikarbyrå.

|             | Regnskap<br>2013 | Budsjett<br>2014 | Buds(end)<br>2014 | Regnskap<br>2014 | Avvik<br>424 145 | Avvik i %<br>9,1 % |
|-------------|------------------|------------------|-------------------|------------------|------------------|--------------------|
| Kommunelege | 3 886 003        | 4 670 800        | 4 670 800         | 5 094 945        |                  |                    |

### LEGEKONTOR

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelekestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlands kommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det er ca 500 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2014. I 2013 var talet 540. Listetaket er på 600.

### Mål

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med

- god tilgjengelighet
- akseptable ventetider for legetime
- fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

## Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2014, og ventetid har vore under 14 dagar.

Dette året har det vore innleige av vikarlege frå byrå medan kommuneoverlege har vore i permisjon. For pasientane, og for samarbeidande instansar, har dette bydd på utfordringar med språk og kommunikasjon sidan begge vikarlegar har bakgrunn frå utlandet.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og utsynskingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid.

Oversikt over pasientretta aktivitet ved legekontoret:

|                       | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | <b>2014</b> |
|-----------------------|------|------|------|------|------|-------------|
| Sjukebesøk            | 11   | 13   | 8    | 5    | 9    | <b>1</b>    |
| Konsultasjonar        | 1234 | 1025 | 1116 | 1125 | 1422 | <b>1316</b> |
| Telefonkonsultasjonar | 167  | 150  | 127  | 168  | 189  | <b>74</b>   |
| Annan kontakt         | 832  | 1017 | 1025 | 1010 | 1080 | <b>887</b>  |

## KUNNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fysiotapeuten heldt til i Helsesenteret på Mo, og er to dagar pr. veke på Modalstunet. Elles har fysiotapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar.

### Tenesta omfattar

- Undersøking og behandling
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering
- Førebyggjande helsearbeid og opplæring
- Tekniske hjelpemiddel
- Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

### Mål

Ha ei fagleg god utøving av ansvarsområda som ligg i stillinga.

Delmål:

- Revidering av rehabiliteringsplan
- Utvikla prosedyrar for samarbeid mellom dei ulike faggruppene og institusjonane i kommunen
- Fagleg fordjuping i geriatri, rehabilitering, nevrologi, ortopedi og reumatologi
- Fokus på førebyggjande tilbod
- Styrka arbeidet med koordinerande eining

## Måloppnåing

- Rehabiliteringsplanen er revidert
- Fysioterapeut har gjennomført og bestått vidareutdanning i undersøking og behandling av nevrologiske skader i løpet av 2014, totalt 268 timer.
- Det er gjennomført gruppetrening for alle eldre over 55 kvar veke.

## HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år.

Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge.

Helsesøster er tilsett i 50% stilling. Helsesøster har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to-års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helseenteret på Mo og har ope to dagar per veke.

## Mål

Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten»:

- Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging
- Heimebesøk/oppsøkjande verksemrd
- Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
- Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

## Måloppnåing

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet.

Helsesøster har vore inne på alle trinn i grunnskulen. Utover individuelle samtalar og vaksinasjon, har helsesøster utført følgande:

- Pubertetsundervising for 5.-7.klasse våren 2014
- Undervisning om seksuell helse og prevensjon for 9.-10. klasse våren 2014
- «Sett dine eigne grenser»-grupper. Våren 2014 deltok jentene i 8.-10. klasse, mens gutane fekk tilbod hausten 2014.
- Delteke under «Psykisk helse i skulen»

## PSYKISK HELSETENESTE

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til

menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting.

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Frå 1. februar 2014 har det vore tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 1,6% av stillingane. Ca 30 % stilling har vore ledig gjennom heile året. Ca 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

## Mål

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.

- Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidingar.
- Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
- Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

## Måloppnåing

Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar.

I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2014 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- å vere tilstades i skolemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- samarbeid ved gjennomføring av skuleprogrammet "Psykisk helse i skolen" og "Sett dine egne grenser"
- samarbeid ved gjennomføring av kurs i depresjonsmeistring (KID)
- jamleg deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik

## Mo skule



### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Grunnskule

Skuleåret 2014/15 starta 79 elevar opp på Mo skule. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i sju klassar. 15 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp ni nye førsteklassingar ved skulen hausten 2014.

Det er 21 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i 17,6 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leiing.

Skulen si verksemd er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigkeit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule. Mo skule utarbeider ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø. Denne rapporten vart drøfta av skuleeigar i kommunestyret i november 2014.

#### Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

*«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.*

*Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»*

Hausten 2014 var det 31 born påmeldt i Modalen SFO. Åpningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule tilbyr frå hausten 2014 gratis leksehjelp for alle elevar.

## Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule gjev dette skuleåret berre tilbod i musikkundervisning. Tilbodet som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass, saksofon og samspel. Tilbodet ved Modalen kulturskule visar god oppslutning. I skuleåret 2014/15 er det 34 elevar som tek del i kulturskulen i Modalen.



## ØKONOMI

|       | Regnskap<br>2013 | Budsjett<br>2014 | Buds(end)<br>2014 | Regnskap<br>2014 | Avvik   | Avvik i % |
|-------|------------------|------------------|-------------------|------------------|---------|-----------|
| Skule | 8 853 748        | 9 537 559        | 9 537 559         | 9 643 449        | 105 890 | 1,10 %    |

Mo skule har i 2014 greidd å halde budsjettet rimeleg godt. Det er eit meirforbruk på om lag kr 100 000,-, noko som utgjer om lag 1% av det samla budsjettet. Sidan ordninga med gratis elevfrukt fall vekk har kostnaden med drift av kantina auka. Elevar som har kome til i løpet av året, og som har utløyst spesialundervisning og særskild norskopplæring, har òg ført til auka kostnader. Det samla elevtalet ved skulen har gått opp utan at budsjettet er auka.

## MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemnd finn ein i Opplæringslova med forskrifter ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med

«Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemnd.

Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2014/15». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen.

For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i

handlingsplanen vert evaluert to gonger i året. Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2014. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2014/15 er klasseleiing og grunnleggjande ferdigheter. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomsseget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Klassane på barnesteget arbeider systematisk med dei sosialpedagogiske programma «Zippys venner» og «Dei utrulege åra». Mo skule nyttar seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». Ein av pedagogane studerer dette året matematikk ved HIB, og to pedagogar deltek på eit deltidsstudie i matematikk ved NLA. Dette studiet går over to år. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule er relativt lågt. Det er fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

Det pedagogiske utviklingsarbeidet ved Mo skule har dette året fokus på skulebasert kompetanseutvikling innan klasseleiing og lesing. Skulen nyttar ressursar frå Høgskulen Stord-Haugesund (HSH) og utviklingsrettleiar frå Hordaland Fylke i dette arbeidet.



## AKTIVITET


Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser me opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den årlege fellesturen ved skulestart gjekk i år til Skipshelleren. Der hadde me ein lærerik dag med både fagleg og sosialt innhald for alle.

Den tradisjonelle lysmassa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmassa som fungerer som avslutning til jul for skulen.

Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

Hausten 2014 endra Mo skule oppmøtemønsteret ein del. Krav om auka timetal for elevar på ungdomsseget og innføring av leksehjelp for alle klassar gjorde at me måtte finna nye løysingar. Det var ein prosess i løpet av våren der alle tilsette, elevar og foreldre/føresette var inviterte med for å koma fram til ei god løysing. Ordninga vert evaluert våren 2015, og ein vil då gjera endringar på bakgrunn av røynsler som er gjort i løpet av året.



## Modalen Barnehage

### TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen byr på heildagsplassar og er open frå 07.30 - 16.30. Foreldre kan velja mellom tre- eller femdagars tilbod. Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Borna får eit variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.



Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 480,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 450,- og ein femdagars plass kostar kr 1 840,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 150,- og kr 250,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt.

### Organisering

Me starta året med tre avdelingar og reduserte til to avdelingar frå august, grunna lågare barnetal. Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistenter / fagarbeidrarar etter talet på barn. Vedtekten til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma fem barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtekten er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Tal på årsverk var 10,57 vårhalvåret og 9,27 hausthalvåret inkludert kjøkkenpersonell.

### MÅL

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. I tillegg har me satsingsområdet «Mange intelligensar», som bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte, noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. På ein slik måte vert dei betre på det som dei ikkje meistrar så godt. I tillegg er Dei utrolige åra (DUÅ) godt forankra i det daglege arbeidet og i temavalda i løpet av året. DUÅ er ein arbeidsmåte for å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og for førebygging av åtferdsproblem. Det gjev vaksne god kompetanse i å kommunisera med barna, og aukar kvaliteten på relasjonar mellom vaksne og barn.



### Kompetanseutvikling

- Personalet har arbeidd vidare med arbeidsmiljøet og gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking våren 2014.

Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle dei tilsette.

- Styrar har bestått Nasjonal leiarutdanning for styrarar.
- To fagarbeidarar har dette året delteke på Arbeidsbasert Barnehagelærarutdanning.
- Ein assistent deltek på studiet Kompetanseheving for assistenter i regi av NLA.
- Enkelte i personalet har delteke på ulike kurs med tema som: vaksen deltaking i barns leik, barnehagen som lærende organisasjon, danning, kulturelt mangfold, tidleg innsats, spesped. hjelp i barnehage, born med spesielle behov, og eit godt språkmiljø for alle barn.
- Ressursteam ein gang pr. månad. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Me har stort utbyte av dette teamet, og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.

## ØKONOMI

Eit mindreforbruk på løn kjem av unytta stillingar som fylgje av nedgang i barnetal og reduksjon frå tre til to avdelingar.

|           | Regnskap  | Budsjett  | Buds(end) | Regnskap  | Avvik    | Avvik i % |
|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------|-----------|
|           | 2013      | 2014      | 2014      | 2014      |          |           |
| Barnehage | 4 526 700 | 5 393 329 | 5 243 329 | 4 367 343 | -875 986 | -16,70 %  |

## AKTIVITET

### Barnetal

|                             | Vår 2014 | Haust 2014 |
|-----------------------------|----------|------------|
| Barnetal                    | 31       | 21         |
| Tal plassar                 | 38       | 27         |
| Barnetal frå andre kommunar | 8        | 6          |

Me har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar, ein på hausten og ein på våren. Elles har me hatt to foreldremøte, eit på hausten og eit på våren. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen. For å byggja gode relasjoner og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Me har òg eit godt samarbeid med Modalstunet, der me vitjar bebuarane og blant anna spelar bingo og syng ved Luciafeiringa. Me nyttar Bryggjeslottet med basseng, gymnastikksal og bibliotek.



### Framtid

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil me alltid ha nye mål og søker etter ny kunnskap. Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Me legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert følgjt opp.

## Teknisk etat

### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avløp
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

#### Organisering

På teknisk etat er det samla 10,9 årsverk. Desse fordeler seg med 3,8 i vaktmeistertenesta, 5,1 innan reinhald og to i administrasjonen.

#### MÅL

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

#### Hovudmåla er:

- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemد
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Målet for budsjettåret var å gjennomføra tiltaka i økonomiplanen og budsjett for 2014.

#### ØKONOMI

|         | Regnskap   | Budsjett   | Buds(end)  | Regnskap   | Avvik    | Avvik i % |
|---------|------------|------------|------------|------------|----------|-----------|
|         | 2013       | 2014       | 2014       | 2014       |          |           |
| Teknisk | 11 467 302 | 12 493 193 | 11 931 781 | 11 061 252 | -870 529 | -7,3 %    |

#### AKTIVITET

#### Oppgradering av Modalstunet

Fire bebuarrom er no ferdig oppgradert. Budsjettet kostnad for desse romma var kr 1 660 000,- (inkludert to bebuarrom med bad). Arbeidet med to av bebuarromma starta opp hausten 2013, og arbeidet med dei to andre romma starta opp i 2014.

Det er i alt 16 bebuarrom, av desse treng 12 oppgradering. I første omgang tek ein sikte på å oppgradera seks rom over ein tre års periode frå 2013 – 2016 med to rom pr. år.

### **Ventilasjon og etterisolering kjøkken Modalstunet**

For å betre arbeidstilhøva på kjøkkenet har det vorte installert varmepumpe, etterisolert yttervegger og skifta ytterdør og vindauge.

### **Asfaltering**

Det har vorte asfaltert rundt omsorgsbustad på Øvre- Helland.

### **Oppgradering av Helsesenteret**

I 2013 og 2014 har det vorte utført ei oppgradering av helsesenteret med samla kostnad kr 215 589,-. Dette vart nytta til interiørarkitekt, maling av veggger og nye persiennar.

Det er stor slitasje på eksisterande møblar og innreiing. Det er trong for innkjøp av møblar, kjøkkeninnreiing på personalrom og ny innreiing på laboratoriet ved legekontoret. Det er òg behov for oppgradering ved inngangspartiet til helsesenteret. Det er for 2015 løyvd midlar til å fullføra oppgraderinga av helsesenteret.

### **Rehabilitering kommunale bustader**

Ein omsorgsbustad på Mo vart oppgradert på grunn av ein vasskade på badet.

Tre kommunale bustader på Øvre-Helland vart oppgradert innvendig. Omsorgsbustad på Øvre-Helland, bustadhus på Otterstad, renseanlegg på Kleivane og vassverk på Mo vart malt utvendig i 2014.

### **Konsulenttenester kommuneplan**

I samband med arbeidet med rullering av kommuneplan vart det inngått kontrakt med Norconsult AS om kjøp av konsulenttenester. Arbeidet starta opp i desember 2012 og er venta avslutta første halvår 2015. Kommuneplanen var på høyring i 2014.

### **Vatn og avløp**

Det vart lagt 250 meter med ny vassleidning på Nedre Helland. Fem abonnentar har kopla seg på. Det vart reparert ein vasslekasje på Mo og ein på Øvre Helland. Det nye alkaliseringasanlegget på Nedre Helland fungerer bra. På Øvre Helland er det laga planar og henta inn prisar på oppgradering av vassverket. Arbeidet vil starta opp våren 2015.

### **Byggesaker**

I 2014 har det vore liten byggeaktivitet i Modalen. Det er to ledige kommunale tomter på Mo, fire på Helland og ei på Øvre Helland. I 2014 var det to «eitt-trinnssøknader», og fem søknader utan ansvarsrett. Det vart gjeve eit mellombels bruksløyve og fire ferdigattestar.

## **Sommarjobb**

I 2014 var det åtte søknader til sommarjobb. Av desse fekk fem tilbod om jobb i teknisk etat uteseksjonen.

## **Reinhaldstenesta**

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Me har vore heldig med rekrutteringa til avdelinga og har no eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester. Me har også i 2014 investert i maskinar og utstyr for å lette arbeidet.

## **Vaktordning/ utetenesta**

Vaktordninga har fungert bra i 2014. Me har hatt ein del utrykkingar, spesielt i samband med straumbrot. Dei tilsette ved etaten har mange ulike oppgåver, ved hendingar som vassbrot og liknande.

## **Brann**

Det har vore ei utrykking til redning i 2014, ei til branntilløp og tre til leiting etter sakna person. Mannskapa har hatt åtte øvingar. Ein av mannskapa har tatt utrykkingssertifikat. Brevkurs for mannskapa er oppstarta. Det har vore utført fem tilsyn og to eigenmeldingar på §13- objekt. Det er utarbeidd ROS-analyse for brannvernet i Modalen.

## **Kommunale vegar**

Nye veglys vart montert på dei nye stikkvegane på Mo. Det vart lagt ned ny stikkrenne på Nygardsvegen, og det vart grøfta på Hellandsvegen og Nygardsvegen.

## **Kart, matrikkel og skråfoto**

Kart vert oppdatert når det vert oppretta nye eigedommar og det kjem nye bygg.

## **Landbruk**

Landbruksavdelingane i Modalen, Vaksdal og Masfjorden arrangerte i haust ein felles markdag for bønder i Modalen, Eksingedalen og Masfjorden. Temaet for dagen var drenering og planering av landbruksareal.

I Modalen er det i dag 11 aktive bønder, av desse driv fem med mjølkeproduksjon og fem driv med sauehald. 1 623 dekar med jordbruksareal er halde i drift i kommunen. Aktiviteten i landbruket utløyser ca 2,1 millionar kroner i produksjonstilskot. I 2014 var det ein søknad om SMIL-midlar og ein søknad om tilskot til drenering.



Dei tre valda i Modalen fekk i juli godkjent sine nye treårige bestandsplanar for hjort. I jaktåret 2014 vart det felt 83 dyr av ein kvote på 102 dyr. Dette gjev ein fellingsprosent på 81,4%. I november vart det halde eit møte på Mo om det pågåande bestandsplanprosjektet for Hordaland. Det var eit ope møte med deltagarar frå Modalen, Vaksdal og Voss. Det har vore jamn aktivitet i skogen. I løpet av 2014 vart det avvirka 3 749 m<sup>3</sup> med tømmer. Modalen kommune har løyvd kr 30 000,- i tilskot til ny tømmerkai på Eidsnes.

### **Framtid**

I året som kjem vil vi ha fokus på økonomi, vedlikehald av kommunale bygg, brannberedskap, landbruk, planarbeid, opprusting av Øvre Helland vassverk og oppgradering av Helsecenteret.